

ALVAR MELVÆR
STOREHAGEN 1 C
6800 FØRDE
E-post: alvar-m@online.no
Tlf: 918 22 864

Førde 19.04.2024

Til: NVE
uttalelse@nve.no

Høyringsuttale 202205918 Selselva kraftverk – auka slukevne og regulering av Selsvatnet

Om underskrivne som skriv denne høyringsuttalen: Tidlegare var eg i mange år sakshandsamar for naturvernsaker i Sogn og Fjordane Turlag. Dette inkluderte mellom anna søknaden om bygging av Selselva kraftverk i 2008. Turlaget aksepterte den gong utbygginga. No skriv eg som privatperson og tidlegare aktiv brukar av det aktuelle fjellområdet i ca. 40 år.

I min private høyringsuttale no, har eg eit skarpt skilje mellom auken av slukevna i det eksisterande kraftverket – som eg finn akseptabel – og reguleringa av Selsvatnet, som eg finn fullstendig uakseptabel og i strid med store nasjonalt og internasjonalt viktige geologiske og landskapsmessige verdiar.

Samandrag av høyringsuttalen – auke av slukevna i kraftverket:

Sett frå min synsstad er auken av slukevna i kraftverket til 1,3 m²/s, akseptabel. Det vil redusere dynamikken i elva på den regulerde strekninga ein del, men ikkje nok til at eg vil seie nei.

Det som talar mot auke av slukevna, er omsynet til drikkevatnet, der inntaket er i den utbygde delen av elva. «Uoffisielt» har eg fått informasjon om at drikkevasskvaliteten vart dårlegare etter utbygginga i 2016. Viss det er rett, kan den bli enda dårlegare etter at slukevna eventuelt vert auka. Dette reknar eg med at vassverket, kommunen og NVE vurderer. Kanskje kan ulempene ved auke av slukevna kompensera ved ein auke i minstevassføringa, til dømes til 5-persentilane sommar/vinter?

Samandrag av høyringsuttalen – regulering av Selsvatnet:

I søknaden er konsekvensane av reguleringa av Selsvatnet dels mangelfullt/grovt mangelfullt og dels misvisande omtala. Eg får inntrykk av at den/dei som har skriva konsesjonssøknaden har hatt dårleg kunnskap om området! Nokre døme:


- **Friluftsliv:** Selsvatnet ligg sentralt i eit **regionalt viktig friluftsområde**. Det er heilt rett at Kvamshesten, også kalla Storehesten, er eit viktig turmål i dette området. Men der er også fleire andre litt mindre viktige turmål som til saman blir like viktige! Nokre av dei som går på tur i området, dreiar ikkje sørover mot toppen av Kvamshesten, men går i staden lenger vestover til området på austsida av Selsvatnet. Dei som vil gå ein lenger tur, rundar nordenden av Selsvatnet og går vidare til Heilevangsstaurane og eventuelt enda lenger til Blægja, 1.304 m, som er den høgste toppen i området. Det er også andre turruter/turmål som er brukte både sommar og vinter, sjå eige avsnitt om Friluftsliv lenger bak i fråsegna.
- **Geologi og Landskap:** Storehesten og Selsvatnet ligg i den nordaustlege delen av eit område i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Sunnfjord som er kandidat til å bli Noregs 5. «**UNESCO GLOBAL GEOPARK**». (På verdsbasis var det pr. 27.03.2024 til saman 213 slike parkar i 48 land.) Dette betyr at **Storehesten, Selsvatnet etc. ligg inne i eit område der kombinasjonen Geologi (viktigast) og Landskap har høg nasjonal og internasjonal verdi!** Likevel er ikkje dette nemnt med eit ord i konsesjonssøknaden! Det er ille!

- **Villrein:** Selsvatnet ligg sentralt inne i den vestre delen av Sunnfjord villreinområde. Området er spesielt viktig som vårbeteområde, har eg fått opplyst. Det stemmer med observasjon av heilt ferske reinsdyrspor 150-200 m frå Selsvatnet den 16. april 2024, sjå foto lenger nede i uttalen. Aktiv regulering av Selsvatnet, sjølv om det berre er 1 m, vil føre til oppsprukken is langs strandkanten, spesielt om våren. Litt nysnø oppå, så har ein ei dødsfelle for villreinen! Villrein er ikkje nemnt i konsesjonssøknaden, berre tamrein. Dårleg arbeid!
- **Landskap:** Konsekvensane for landskap er ikkje omtala i konsesjonssøknaden. Dårleg! Sjå våre kommentarar lenger nede i uttalen.

Min konklusjon om regulering av Selsvatnet: Eg går sterkt mot regulering av Selsvatnet. Fordelane med ein marginalt auka straumproduksjon er i denne saka heilt utan tvil langt mindre enn dei ulempene ei slik regulering oppe i heilt urørt høgfjell, fører med seg! Eg ber NVE om å avslå denne delen av søknaden!

Meir info om friluftsliv:

Selsvatnet og Kvamshesten og Selsvatnet ligg sentralt inne i eit regionalt viktig friluftsområde, sjå nedanfor. Kjelde/kartutsnitt: www.fylkesatlas.no Den blå streken indikerer ruta frå parkeringsplassen i sør til dagsturhytta Skaraly i nord, sjå: [Skaraly - dagsturhytte i Sunnfjord kommune \(ut.no\)](http://Skaraly - dagsturhytte i Sunnfjord kommune (ut.no)). Frå dagsturhytta går det merka eller umerka fotturruter, og delvis skiturruter, vidare til mellom anna: Kvamshesten, Selsvatnet, Litlehesten, Lysaelvskaret/Marka, Heilevangsstaurane, Blegja (Blægja) og Rørvika, og i austleg retning til Solheimsdalen, Bringeland og Langeland. Selsvatnet er litt utydeleg på grunn av grønfargen, men ligg om lag 1/3 inn på kartet frå venstre. Friluftsområdet er også markert på Geodata AS sitt kart, sjå Vedlegg 1.



Bruken av området er stor. Nedanfor siterer eg info eg har fått pr. E-post frå Helge Kårstad:

«Tal turgåarar i figuren under viser utviklinga frå 2005, dvs. 2006 var første året vi arrangerte Storehesten Opp, - dei tala har eg med + litt ekstra via parkeringsavgift. Ein rimeleg jamn auke! Som du ser auka det litt ekstra etter at Skaraly kom opp i 2019 + korona, - året etter datt det litt men i 2023 auka det litt igjen. Venteleg vil det auke ein del framover i samband med Geoparken. Dersom det blir UNESCO godkjenning, ser eg ikkje bort frå at talet kan gå mot 10 000 i neste tiårs

periode.

Eg vil vel tru at kring 40% går berre til Skaraly, - 50% mot Storehesten, og kring 10% til Lisjehesten.

Trafikken til Lisjehesten har auka etter at turlaget merka den stien for eit par år sidan.

Av dei som går mot Storehesten vil eg tru at ein del stoppar ved Vardehaugane der dei ser utover Selsvatnet og kanskje 10-15% går vidare mot Blegja.



I tillegg til den bruken som er dokumentert ovafor, er det også mange som utover vinteren og våren går på ski frå Langeland eller Bringeland og vestover til Heilevangsstaurane og Blegja. Dette er ein svært fin og tradisjonsrik tur som Indre Sunnfjord Turlag har hatt på turprogrammet sitt i mange, mange år. I år går turen 27. april 2024, men denne gongen frå parkeringsplassen for ruta til Skaraly. Sjå: [https://aktiviteter.dnt.no/register/FjellskiturtilBlegja_19122023012535#/.](https://aktiviteter.dnt.no/register/FjellskiturtilBlegja_19122023012535#/)

Turen går litt nord for Selsvatnet med fin utsikt over vatnet. Sjå foto frå ein tidlegare fellestur til Blegja. Kvamshesten midt på i bakgrunnen. Sørlege del av Selsvatnet i høgre biletkant:



Foto: Indre Sunnfjord Turlag v/Atle Holsen.

Ein annan tradisjonsrik fellestur som Indre Sunnfjord Turlag har, er fotturen frå Rørvika nordvest for Blegja, søraustover og opp på Blegja frå sørvest. Vidare austover fjellryggen til Heilevangsstaurane, deretter – med fin utsikt mot Selsvatnet og Kvamshesten – til Lysaelvskaret og nordover ned til Marka. I år, den 25. august 2024, har dei ein eigen «vri» på denne turen, der den både startar og sluttar i Marka. Den går opp det svært bratte Munkesva til Heilevangsstaurane og ned att den mykje enklare ruta via Lysaelvskaret. Sjå:

https://aktiviteter.dnt.no/register/FotturpaHeilebergeteinluftigturoppbrattesvabergmedspektakulaerutsikt_29012024085133#/ NB! Kartet ein finn på linken, viser berre oppturen via Munkesva, ikkje nedturen via Lysaelvskaret lenger aust, der ein undervegs har fin utsikt over Selsvatnet. Dette er ein fantastisk fin og spanande tur, men oppturen via Munkesva er ikkje for folk med høgdeskrekk!

Meir info om Geologi og Landskap:

Tidlegare i fråsegna skreiv eg at «*Storehesten og Selsvatnet ligg i den nordaustlege delen av eit område i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Sunnfjord som er kandidat til å bli Noregs 5. «UNESCO GLOBAL GEOPARK».*»

«Fjordkysten regional- og geopark» fekk alt i 2021 status som Norsk geopark – «Norges første offisielle kombinerte regional- og geopark» - sjå denne linken: <https://norskeparkar.no/fjordkysten-regional-og-geopark/>, der ein også finn ei kortfatta grunngjeving. Dette indikerer at området inneheld geologi av norsk toppklasse, høgst sannsynleg av verdsklasse!! Grensene for denne regional- og geoparken følgjer grensene for kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. (Kjende som HAFS-kommunane.) Grensa mellom Askvoll og Sunnfjord kommunar går over Heilevangsstaurane, slik at Kvamshesten, med sin spesielle konglomerat frå Devon-tida, kjem på utsida av grensa. Men i søknaden (som er sendt og under handsaming hos UNESCO, men som eg førebels ikkje har funne på nettet) om å bli «UNESCO GLOBAL GEOPARK», er Kvamshesten-området (og Selsvatnet) på innsida av grensa.

Link til forprosjektrapporten om denne geoparken: kvernsteinsparkens-skrifter-5-2019-unesco-global-geopark-hafs-forprosjekt-del-2.pdf (wordpress.com). På side 15 i denne rapporten finn ein framlegg til grenser for geoparken, sjå på neste side. Om desse grensene stemmer 100% med grensene i den seinare søknaden (2022 eller 2023?) om å bli UNESCO GLOBAL GEOPARK, veit eg ikkje, men uansett: Selsvatnet og Kvamshesten er innafor grensene. Grunna den verdskjende geologien der, er det 100% sikkert.

Meir info om Unesco geoparkar:

<https://www.ngu.no/geologiske-ressurser/unesco-globale-geoparker-og-verdensarv>


<https://www.unesco.org/en/igpp/geoparks#full-list-of-unesco-global-geoparks>

Meir info om internasjonal interesse for den spesielle geologien frå Kvamshesten og vestover og sørvestover heilt sidan 1822! Sjå Vedlegg 2. Svært interessant geologisk kart!

GEOPARKEN SITT OMRÅDE OG SINE GRENSER

Ein UNESCO Geopark får sin legitimitet gjennom den internasjonale betydningsfulle geologiske arven i området. Grensene kan, men må ikkje, samanfalle med kommunegrenser. Området må vere samanhengande og kan ikkje bestå av kommunar som ikkje har felles grenser.

I møte med det geologiske fagmiljøet i Bergen den 10. mai 2019 var alle einig i at den opphavlege tanken å ha med alle 5 HAFS-kommunar pluss delar av Gaular kommune (Kvamshesten) er eit godt utgangspunkt. I tillegg anbefalte prof. Haakon Fossen frå UiB å ta med den vestlege delen av Høyanger kommune (Vadheim – Lavik), slik at t.d. E39 kan vere grensa til Geoparken (sjå vedlegg 1).



Min konklusjon om Geoparken: Ein kan ikkje plassere eit nytt reguleringsmagasin som vil gje ein ubetydeleg kraftproduksjonsauke, inne i ein sannsynleg ny UNESCO GLOBAL GEOPARK! Og slett ikkje på ein så reiselivsvenleg stad som kloss ved Kvamshesten, der ein vesentleg del av turismeinfrastrukturen alt er på plass i form av parkering, merka turruter og dagsturhytta Skaraly. Potensialet er stort!

Meir info om Villrein:

Nedanfor følgjer kart over Sunnfjord villreinområde. Kartet er henta frå www.ut.no, slik at ein også har fått med hytter i området. (Blå 3-kant = dagsturhytter. Røde = overnattingshytter.) Som ein ser, er villreinområdet 3-delt av store heilårsveggar, noko som gjer stammen i området ekstra sårbar. Selsvatnet ligg i den vestlege delen.



Meir info om Sunnfjord villreinområde finn ein på denne linken:

[Sunnfjord | Villrein](#)

Som ein ser der, er målet for storleiken på vinterstammen: 150 dyr. Nedanfor kalvetellingsstatistikk henta frå Hjorteviltregisteret, på denne linken: [Statistikk - Hjorteviltregisteret](#)

Kalvetelling

Velg visning: ☒ Tabell ☐ Graf

[Last ned Ex](#)

År	VILLREINOMRÅDE	TOTALT ANTALL DYR	KALV	SIMLE/BUKK 1½ ÅR	BUKK 2½ ÅR+	KALVER PER 100 SIMLE/UNG DYR
2006	Sunnfjord	136	34	102	0	33,3
2007	Sunnfjord	152	31	121	0	25,6
2009	Sunnfjord	146	35	111	0	31,5
2010	Sunnfjord	158	36	122	0	29,5
2011	Sunnfjord	101	21	80	0	26,3
2012	Sunnfjord	101	22	71	8	31,0
2013	Sunnfjord	99	30	69	0	43,5
2014	Sunnfjord	133	29	104	0	27,9
2015	Sunnfjord	107	14	93	0	15,1
2016	Sunnfjord	122	32	90	0	35,6
2017	Sunnfjord	144	31	113	0	27,4
2018	Sunnfjord	138	31	84	23	36,9
2019	Sunnfjord	72	16	49	7	32,7
2020	Sunnfjord	118	26	74	18	35,1
2021	Sunnfjord	92	26	56	10	46,4
2022	Sunnfjord	20	2	10	8	20,0

Som det går fram av tala ovafor, viser tala frå 2019 og seinare at bestanden er langt under målet på 150 dyr. Når det gjeld 2022, kan det sjå ut som det er eit fullstendig samanbrot i bestanden. Men frå anna hald har eg fått opplyst at tala for dette året inneheld feil, og er høgare, kanskje opp mot 100 dyr. Av desse anslagsvis 30 i det vestlege området. Kva som er rett, veit eg ikkje, men uansett er det ein liten og svært sårbar bestand i Sunnfjord villreinområde.

Andre opplysninger eg har fått, er at det vestlege området er viktig som vårbeiteområde. Det stemmer svært godt med at det 16. april 2024 vart observert dagsferske reinsdyrspor 150-200 m frå Selsvatnet. Sjå dette fotoet teke av Helge Kårstad:



Det er ingen som helst tvil om at dette er reinsdyrspor! Det at spora vart observerte berre 150-200 m frå Selsvatnet, indikerer at det er svært, svært sannsynleg at villreinen kryssar Selsvatnet når det er snø/is der, slik det er langt utover enno. Aktiv regulering av Selsvatnet, slik det er søkt om, vil føre til

at isen vil spreke opp langs land, spesielt utover våren når det er mest sannsynleg at det går reinsdyr der. Så trur ein kanskje at 1 m regulering er lite, og «ikkje så farleg», men då har ein ikkje teke omsyn til at på Selsvatnet i mange av åra kan kome 3-4 m snø, truleg enda meir i dei verste snøvintrane. Det kan bli formidable hol/sprekker langs land av dette! På same måte som for bresprekker, kan sprekker langs land på eit reguleringsmagasin bli dekkja, og usynlege, av berre nokre få timar snøvær. (Eg har personleg erfaring med dette, spesielt frå brear!) Det er derfor ingen «fantasi», men ein realitet, at slike (snødekte) sprekker kan bli dødsfeller for reinsdyr. Med ein stamme i området på berre anslagsvis 30 dyr, kan sjølv nokre få døde dyr bli svært negativt for heile stammen!

Konklusjon: Av omsyn til den sårbare reinsdyrstammen, vil eg sterkt åtvare mot regulering av Selsvatnet. Sjølv om Selsvatnet ikkje ligg i dei mest brukte skiturløypene, representerer sprekkene langs land også ein fare for folk som ferdast på isen over vatnet, til fots/truger eller på ski.

Meir info/kommentarar om Landskap:

Området rundt Selsvatnet ligg i eit landskapsrom av STOR verdi. Ein kombinasjon av vatnet med sine øyar og omkransa av store, særprega fjell/fjellformasjonar. Mange stader langs vatnet finst det ikkje synlege teikn til menneskelege inngrep i nokon retning, ein opplever at det er «heilt villmark» overalt der ein kan sjå. Det er ikkje så mange relativt lett tilgjengelege stader at det er slik! Slike område, som ein gjerne kan kalle «Naturkatedralar», har STOR verdi!

Sjølv om den planlagde oppdemminga av Selsvatnet berre er på 1 m, vert inngrepa STORE. Demningen blir heile 80 m lang – det er mykje for så lite! I tillegg kjem det ein bygning med store solcellepanel, sannsynlegvis på liknande storleik som det ein ser på Figur 7 på side 11 i konsesjonssøknaden. Bortsett frå at solcellepanela truleg må plasserast mykje høgare opp i lufta p.g.a. dei større snømengdene oppe ved Selsvatnet. Dermed blir panela enda meir dominerande i det flate, frå før heilt urørte landskapet. Det vert ille!

Dessutan: Det vert ikkje så små neddemde areal rundt vatnet som det som det vert skapt inntrykk av på side 10 i konsesjonssøknaden. Det heng ikkje i hop med trongen for ein 80 m lang dam. Heller ikkje med det ein ser på motsett side av vatnet på Figur 11, side 17 i søknaden. Men langs delar av vatnet går fjellet bratt ned, det er korrekt.

Sluttord:

Eg vil så sterkt eg kan oppmode NVE om å avslå søknaden om å regulere Selsvatnet. Ein skal ikkje «tukle med» område som om få år truleg vil få ein UNESCO verdsarvliknande status som GLOBAL GEOPARK. Ein skal heller ikkje «tukle med» det som lokalt i Sunnfjord og nabokommunane er eitt av dei aller viktigaste og finaste tuområda og turmåla vi har. Kvamshesten/Storehesten er «eit fjell av klasse» kalla eg det første gongen eg var der og gjekk direkte opp austryggen (på tørt fjell) til toppen for minst 60 år sidan. Eg hugsar enno opplevinga, og eg har vore på mange fjell!

Med helsing
Alvar Melvær